

Sogn og  
Fjordane

250 år  
1763-2013

# HEILE FYLKET JUBILERTE

Sluttrapport frå jubileumskomiteen



## Innhold

1.	Vedtak – oppstart av arbeidet .....	3
2.	Arbeidet i hovudkomiteen .....	3
3.	Prosjektleiing og administrasjon .....	3
4.	Økonomi .....	4
5.	Marknadsføring – korleis viste vi att? .....	5
6.	Presse/media: .....	6
7.	Samarbeidspartar .....	6
8.	Arbeidsmåtar i jubileet .....	7
9.	Kva gjorde vi? .....	7
10.	Jubileumsveka 18.–22. september .....	8
11.	Skuleopplegg/ungdomssatsing .....	9
12.	Kva oppnådde vi? .....	10
13.	I "juletalet" sin til fylkestinget sa Åshild Kjelsnes dette om fylket si markering av 250-årsjubileet: .....	10
14.	Dokumentasjon .....	12
	Takk .....	12
	Vedlegg – Den store bursdagsfesten .....	13
	Vedlegg – KORK-konsertane .....	14

## 1. Vedtak – oppstart av arbeidet

Rammene for fylkesjubileet vart lagt i fylkestingssak 8/11. Sogn og Fjordane fylkeskommune tok hovudansvaret for å markere at fylket hadde 250-års jubileum i 2013. Det vart etablert ein jubileumskomiteé der Fylkesmannen, KS Sogn og Fjordane, fylkeskommunen og Den norske kyrkja var representerte.

Hovudkomiteen bestod av fylkesordførar Åshild Kjernes (leiar), fylkesmann Ann Karin Hamre, leiar i hovudutvalet for kultur Nils Gjerland, KS-leiar Olav Lunden, seinare Jenny Følling og representant for kyrkja, Bård Haukedal.

Assisterande fylkesmann Gunnar O. Hæreid tok over for Anne Karin Hamre i oktober 2013. Prost Kjetil Netland tok over for Bård Haukedal i oktober 2013.

## 2. Arbeidet i hovudkomiteen

Komiteen har hatt elleve møte sidan 28. november 2011 og har stort sett møtt fulltalig.

I tillegg til komiteen har prosjektadministrasjon ved Ingebjørg Erikstad og Edvin Helgheim delteke på møta i komiteen. Knut Henning Grepstad, Ingvild Ramstad (begge fylkeskommunen), Svein Helge Steinsåker (Fylkesmannen) og representantar for Leikanger kommune har også møtt.

Hovudkomiteen har

- diskutert dei store linjene,
- vedteke hovudlinjene i budsjettfordelinga (fordeling til marknadsføring, dei offisielle arrangementa, tilskot til arrangørar og anna)
- fordelt nokre av dei større postane
- delteke aktivt i planlegginga av dei offisielle hovudarrangementa som opninga på Nordfjordeid 21. mars, jubileumsveka 18.–22.september og avslutningskonserten med Kringkastingsorkesteret (KORK) på Nordfjordeid 15.–16.november.

Medlemmane i komiteen har med leiaren i spissen representert fylkesjubileet på ei rekke arrangement gjennom heile året.

## 3. Prosjektleiing og administrasjon

Prosjektadministrasjon har lege til kulturavdelinga i fylkeskommunen, med Ingebjørg Erikstad som ansvarleg.

Edvin Helgheim var tilsett som prosjektleiar i 50 prosent stilling frå 1 mai 2012 til 31. desember 2012 og i 80 prosent heile 2013. Prosjektleiaren har samarbeidd breitt med tilsette i fylkeskommunen (interne aktørar) og representantar for kommunar, institusjonar, organisasjonar og andre (eksterne aktørar).

Prosjektleiar har hatt ansvaret for

- totalplanlegginga av feiringa med små og store arrangement gjennom heile året, samordning og registrering
- samarbeidet med alle arrangørar, organisasjonar og institusjonar som har delteke i feiringa
- detaljplanlegginga av dei offisielle arrangementa i tillegg til ein del andre arrangement som vi tok initiativ til eller var medarrangør for

- marknadføring – inkludert innkjøp av profileringsartiklar, medieoppfølging og oppretting og dagleg vedlikehald av [www.sfj250.no](http://www.sfj250.no) og facebookside [Sogn og Fjordane 250 år](#) og
- hovudbudsjett og detaljbudsjett inkludert fordeling av tilskot til ei rekke tiltak og arrangement (delvis i samarbeid med tildeling av ordinære kulturmidlar)
- samarbeidet med lokal programkomité og prosjektleiar i Leikanger om festen 19. september. Anne Brit Lauvsnes og Birte Fossheim var prosjektleiarar i Leikanger. Per Øyvind Helle var engasjert som produsent for kulturfesten i Saften
- samarbeidet med informasjonstenesta i fylkeskommunen om informasjon
- samarbeidet med Fylkesarkivet/ABM om utvikling av heimesida og bruk av skuleportalen

I tillegg var Emma Bjørnsen (fylkeskommunen) ein viktig samarbeidspart i to prosjekt (Dans utan grenser og «Vi vandrar saman»), og Svein Helge Steinsåker (Fylkesmannen) var sentral i planlegginga av Framtidskonferansen i Balestrand 20. september.

## 4. Økonomi

### Budsjett/resultat

Fylkestinget løyvde 2,5 mill. kr til markering av fylkesjubileet. I tillegg løyvde fylkesutvalet 250 000 kroner direkte til KORK-konsertane. Prosjektleiaren har vore lønna av ledige lønnsmidlar i kultursektoren.

På komitémøtet 17.januar 2013 vedtok hovudkomiteen slik budsjettfordeling på hovudpostane, og slik ser fordelinga til å bli:

	Budsjett januar 2013	Rekneskap januar 2014
Marknadføring/profilering	710 000	575 000
Offisielle arrangement/arrangement i eigen regi	1 000 000	850 000
Til arrangement/drift /reserve	790 000	975 000
Resultat/overskot i høve til budsjett		0

Vi har altså vridd meir over på støtte til arrangement, og det er positivt, når vi elles gjennomførte fullverdige offisielle arrangement og ei marknadføring der jubileet viste godt att.

### Økonomi frå andre

Utover det som fylkestinget sette av til jubileet, har følgjande delteke med bidrag inn til enkelttiltak:

- Plan- og samfunnsavdelinga i fylkeskommunen har gjennom folkehelsemidlane tilført ca. 400 000 kr. til Dans utan grenser og «Vi vandrar saman».
- Den kulturelle skulesekken (DKS): «Amerikareisa» var ein DKS-produksjon, der DKS finansierte turnekostnadane til vidaregåande skular og delar av produksjonen, totalt om lag 1,4 mill. kr.
- DKS var òg med og finansierte KORK-konsertane, som DKS-opplegg for ungdomstrinnet i fleire Nordfjordkommunar (dels midlar frå Rikskonsertane, dels frå fylkeskommunen), inkludert transport med 170 000 kr.
- DKS var i tillegg med og betalte transport for ungdomsskuleelevane til «Kvinnestemmer»-utstillinga med 180 000 kr.

- Innovasjon Norge: Tilskot på 75 000 kr til Framtidskonferansen (inkl. gründersamlinga i ungt entreprenørskap). På framtidskonferansen tok vi inn eigenbetaling på ca. 60 000 kr.
- Jubileumsavisene var 100 prosent eigenfinansierte og representerte ein verdi på 272 000 kr.
- Rekneskapan (ikkje endeleg avslutta) viser forbruk lik tildelt løyving.

### **Fylkessoga**

I ein økonomioversikt er det også rett å vise til dei løyvingane fylkestinget har gjort når det gjeld fylkessoga. Samla sett er det løyvt 9,2 mill kr til skrivearbeid og trykking. Høgskulen i Sogn og Fjordane som har oppdraget bidreg med 1,8 mill kr.

## **5. Marknadsføring – korleis viste vi att?**

Det vart tidleg etablert ei eiga profileringsgruppe, der informasjonssjef i fylkeskommunen, Ingvild Ramstad, og rådgjevar hjå Fylkesmannen, Svein Helge Steinsåker, deltok. Grappa utarbeidde opplegg for informasjon og profilering for hovudkomiteen. Dette opplegget var med og danna grunnlag for profileringa.

### **Utvikling av logo/profil**

- Arbeidet lagt på ut tilbod, og oppdraget gjekk til A til Å Grafisk Design og Media i Florø. Hovudkomiteen samla seg raskt om ein logo.
- Logoen er tydeleg, iaugefallande, med fin symbolikk og var lett atkjennande i ulike format.
- Logoen har vore mykje brukt - i annonser, trykksaker, profileringsmateriell, roll-ups, banner og flagg. Visuelt har jubileet vist att på ein god måte.
- Målsettinga om banner med logoen på alle fylkeskommunale bygg vart ikkje nådd.
- Vi har hatt roll-ups med logoen på alle flyplassar og i mange kulturbygg med jubileumsarrangement.



### **Heimesida**

- Utforma av webdesignar hjå Fylkesarkivet, med samarbeid om endeleg utforming.
- Oversiktleg, lett å finne fram til basisinformasjon og med oppdatert kalender- og nyheitsside.
- Mange saker linka opp til facebookside der vi òg har lagt ut linkar og aktuelt stoff om ulike hendingar, nesten dagleg og også i feriane.

### **Annonsering**

- Fellesannonse i alle fylkets aviser ved oppstart av jubileet og i samband med hendingane i september.
- Fast annonse på side tre i Fylkesmagasinet på , med kva som var aktuelt for neste periode.

- Fast oversikt i tre nummer av Fjord1-magasinet (oversikt over hendingar neste tre månader).
- Enkeltannonsar i samband med arrangement.
- Deltok i annonsering for mange enkeltarrangement både som støtte og som profilering.
- Folk blei vande med å sjå logoen knytt opp til 180 positive hendingar.

### **Jubileumsartiklar**

T-skjorter, jakker, panneband, pins. Krus, ryggsekkar, paraplyar (i samband med KORK-besøk):

- Delt ut til gjestar og deltakarar på ulike hendingar, brukte på ei rekke konferansar av arrangørar og innleiarar og som gåver og premiar. Artiklane gjorde jubileet synleg.
- Jubileumsmagasinet – sjølvfinansiert. Brei presentasjon av jubileumshendingane og med interessant stoff om kva vi/folk i fylket har fått til. Dette var ei positiv marknadsføring av fylket og hadde god geografiske breidde. Siste nummer presenterte òg alle kommunane.
- Spesielt for jubileumsveka: Eiga brosjyre – på papir og digitalt. I avisa, annonsering i Sogn Avis.

## **6. Presse/media:**

Vi la stor vekt på å vere synlege i media gjennom heile jubileumsåret.

- Vi sende ut mange pressemeldingar og tok direkte kontakt/sendte innbyding. Varierende respons.
- Enkelte aviser gjorde mykje ut av nokre av dei store hendingane, særleg Åtgaum, jubileumsveka og KORK-konsertane.
- Pressedekninga elles var variabel og ofte lokal, knytt til hendingar i lokalmiljøet.
- NRK - svært positivt og aktivt samarbeid. Prosjektleiaren var mange gonger i studio for å presentere program. Hadde sending frå Kaupanger under programpresentasjonen (heile komiteen), opninga under ungdomsmessa på Eid, årets kulturide (sparebankstiftinga), frå festdagen i Leikanger 19. september og KORK-konsertane.

NRK tar jobben sin som fylkesamlende organ på alvor, ikkje minst på kulturfronten.

## **7. Samarbeidspartar**

Markeringa av fylkesjubileet vart gjennomført i samarbeid med eit breitt utval av aktørar:

- Sogn og Fjordane symfoniorkester fekk laga eigen fylkesjubileumsfanfare som vart/vert brukt ved ulike høve.
- Sogn og Fjordane Teater: særleg opplegget rundt Mentsen Ernst
- Sogn og Fjordane idrettskrins: jubileumstrippel og motivasjonsturné knytt til Mentsen Ernst
- NRK: sjå over
- Framtidsfylket: Åtgaum og julekalender
- Ungdommens kulturmønstring (UKM) og Kulturskulerådet
- Organisasjonar: blant andre Førde kammerkor, pensjonistforbundet, turlaget, historiespela og Bjørgvin bispedømmeråd
- Festivalar: Førdefestivalen («Lyden av framtidsfylket»), Norsk Country Treff, Gloppen Musikkfest, litteraturfestivalane, Malakoff
- Nokre kommunar, kulturhus og lokale arrangørar
- Stemmerettsjubileet, språkåret, grunnlovsjubileet/Gulatinget
- Fylkesarkivet/musea: Kvinnestemmer og andre arrangement

- Fylkesmannen (i hovudkomiteen): framtidskonferansen
- Høgskulen i Sogn og Fjordane/historiegruppa
- Kyrkja (med i hovudkomiteen): Festgudsteneter 22. september. Andre kyrkjejubileum.
- Næringslivet: NHO, landbruksorganisasjonane, Innovasjon Norge
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Dans utan grenser
- Aldateateret
- Sogn og Fjordane turlag: Vi vandrar saman

--- og alle andre, med fare for å ha gløymt viktige samarbeidspartar.

## 8. Arbeidsmåtar i jubileet

Arbeidsmåtene våre gjennom jubileumsåret var varierte. Vi var:

- direkte arrangørar, i hovudsak knytt til jubileumsveka, men der vi knytte til oss t.d. historiegruppa ved høgskulen, Leikanger kommune, planleggingsgruppa for Framtidskonferansen (Fylkesmannen hadde leiaransvaret og blant andre Ungt Entreprenørskap var tungt inne i første del av prosessen).
- arrangørar i lag med andre, gjerne med ganske tunge økonomiske bidrag, slik som opninga/ungdomsmessa, Åtgaum, Amerikareisa, Dans utan grenser, skrivekonkurransen (litteraturfestivalane), Dokument 13 (medialinja på Firda vidaregåande skule)
- ideskaparar/planleggarar – var inne i mange arrangement (mange av ideane som vart spelte ut, blei det ikkje noko av).

Vi ga også økonomisk støtte til mange, etter søknad og koordinert med andre søknadsordningar. Vi var også mykje inne i marknadsføring, som igjen bidrog til synleggjering av jubileet. Små midlar kunne vere utløysande for fin aktivitet. Smidige ordningar avgjerande.

## 9. Kva gjorde vi?

Arbeidsmåtene var varierte og markeringane var mangfaldige.

### Tal jubileumsarrangement

Det er lista opp ca. 180 arrangement i kalenderen på nett. Då er turnear rekna som eitt arrangement, sameleis arrangement som gjekk over ei helg, festivalar og liknande.

- I ca. 120 av desse var fylkesjubileet arrangør eller medarrangør og bidrog i planlegginga og gjennomføringa og/eller gjennom økonomisk støtte.
- Andre arrangement som var registrert som jubileumsarrangement: Ca 60. Dette var arrangement som bad om å bli knytte opp til jubileet, og som hadde eit innhald som kunne forsvare dette (jubileumsprofil, fylkesprofil). Dei fekk då òg bruke jubileumslogoen i marknadsføringa si.
- Viss vi reknar alle turneane som kjem innom som eigne arrangement på kvar stad (t.d. Dans utan grenser), kjem vi opp i ca. 220 arrangement samla.
- I tillegg kjem alle programma som var definerte som jubileumsarrangement, med 10 000 deltakarar i grunnskulen og vidaregåande skule.

### Heile fylket jubilerer

Det har vore jubileumsarrangement i alle kommunane i fylket. I om lag halvparten av desse har kommunane vore arrangør eller medarrangør, elles har det vore andre lokale arrangørar.

Nokre døme:

- Takle og Hjartholm grendelag i Gulen melde seg på tidleg. Dei ville lage tre arrangement gjennom året som skulle handle om mat og kunst/kultur: Sogn, Sunnfjord og Nordfjord.
- Eid kommune – der samordna kommunen lokale organisasjonsjubileum, framsyning av «Elskhug og eksis», m.m.
- Florø hornmusikk «kuppa» jubileumsopninga. Dei arrangerte nyttårskonsert med pomp og prakt og gav han som gåve til fylkesjubileet. Dette vart opningskonserten for jubileet, logen var på plass (etter avtale), og fylkesordføraren stilte opp. Florø hornmusikk fekk litt støtte i tillegg til hjelp til marknadsføring. I neste runde «kuppa» vi deira nyttårskonsert (4. januar 2014) og avrunda jubileumsåret med blant andre fylkets fremste jubileumsartist, Sigrid Moldestad.

### **Fylkesmesse for Ungt entreprenørskap**

Den offisielle opninga av jubileumsåret var lagt til fylkesmessa for Ungt entreprenørskap i Operahuset på Eid 21. mars 2013. Målet med å legge opninga til dette arrangementet var å vise jubileet sitt fokus på ungdom, og koplinga mellom jubileet og målet om å vise eit fylke som byggjer opp om kreativitet og nyskaping. Det gjekk også ein raud tråd frå denne fylkesmønstringa, via gründercamp til Framtidskonferansen i september (del av hovudmarkeringa).

### **Åtgaum**

Framtidsfylket med dagleg leiar Gro Rukan i spissen laga det største arrangement utanfor fylket, der jubileumsfylket vart presentert i si fulle breidde. Dei heile gjekk føre seg på Youngstorget i Oslo, og Åtgaum vart ei gigantisk rekrutteringsmesse. Her deltok næringsliv, organisasjonar, mat- og drikkeprodusentar, og nokre av våre fremste kulturutøvarar laga folkefest for mange tusen menneske ein vakker vårdag. På ettermiddagen slo Sogndal Brann, og kampen vart overført på storskjerm til endå meir fest ut på kvelden! Ein brei planleggingskomité stod bak arrangementet, og matprodusentane var særleg viktige.

### **KORK-konsertane**

Konsertane i Operahuset på Nordfjordeid markerte den offisielle avslutninga av fylkesjubileet. Artistar frå fylket stod fram som stjerner på scena, og bestillingsverket «Tri tonar» av Eirik Husabø var minneverdig. Den viktigaste omdømmebygginga utanom fylket var den redigerte versjonen av konserten, som gjekk fleire gonger på NRK-TV. Dette var eit prosjekt som i stor grad vart køyrt av NRK Sogn og Fjordane, og det var eit viktig bidrag til jubileet. Operahuset på Nordfjordeid stod fram som dyktige, lokale arrangørar, som òg løfta opplevinga. Programplakat ligg som vedlegg til rapporten.

### **Fylkessoga**

Arbeidet med ei eiga fylkessoga for Sogn og Fjordane starta opp i 2011. Ein viktig motivasjon for å setje igong med dette arbeidet var nettopp fylkesjubileet i 2013. Høgskulen i Sogn og Fjordane har oppdraget med å skrive dette verket. Dei samarbeider med Høgskulen i Volda, og har henta inn professor Ola Svein Stugu frå NTNU i Trondheim som hovudredaktør. Fylkessogegruppa ved høgskulen hadde ansvar for historieseminaret i jubileumsveka. I tillegg bidrog enkeltmedarbeidarar med artiklar og foredrag i andre samanhengar gjennom året. Skrivearbeidet skal vere ferdig i 2015, med planlagt utgjeving i 2015 eller 2016.

## **10. Jubileumsveka 18.–22. september**

Hovudstrukturen for veka var lagt tidleg i prosessen med ein dag til historia, ein dag til festen i dag og ein dag til framtida:



- **18. september: Historieseminar**  
Historieseminarret på høgskulen i Sogndal samla ca. 60 deltakarar. Gruppa som skriv fylkeshistoria, hadde interessante foredrag knytt til ulike bolkar i historia til fylket. Smakebitane lovar godt for historieverket som kjem.
- **19. september: Den store bursdagsfesten**  
Bursdagsfesten fann stad i Leikanger. Stor kulturfest i «Saften» med plass til 1000 tilskodarar, der dåverande kommunalminister Liv Signe Navarsete representerte regjeringa. Same dag var det opning av det gamle Amtskontoret, gudsteneste, opptog, folkefest på torget, tre veteranbåtar frå kysten og ungdomskonsert for 500 tilskodarar om kvelden. Det kom svært gode tilbakemeldingar for programmet heile dagen. Programmet ligg som vedlegg i rapporten.
- **19. september: Festmiddag**  
Om lag 150 gjester var samla til festmiddag på Kviknes Hotel i Balestrand. Gjestene representerte kommunane, politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen og hjå Fylkesmannen, Søndre Bergehus Amt, representantar for arrangørane og ungdomsrepresentantar. Unni Løvlid leia gjestane gjennom eit fint program med stødig hand.
- **20. september: Framtidskonferanse**  
Framtidskonferansen var også i Balestrand. Fylkesjubileet samarbeidde med Ungt Entreprenørskap om førebuingane (oppstart på ungdomsessa på Eid 21. mars og følgde opp med gründerkonferanse på Skei). Ca. halvparten av deltakarane var ungdom, noko som òg viste godt att i programmet og debatten. Konferansen hadde både interessant innleiing og ein bra debatt. Etter konferansen vart deltakarane bedde om å svare på eit elektronisk spørjeskjema om kva dei syns om konferansen. Av dei 34 som svarde, gav 69 prosent karakteren «bra», 26 prosent svarde «medels» og 3 prosent svarde dårleg. Dei som svarde, fordelte seg med ein tredjedel kvar på politikarar, offentleg tilsette og ungdommar.
- **22. september: Kyrkja jubilerer**  
I mange kyrkjer var det laga festprogram som markerte jubileet. Jubileet og fylket var del av forbøna. Det var ei særleg markering av Eikefjord kyrkje som vart 200 år, og der biskopen var til stades.

## 11. Skuleopplegg/ungdomssatsing

Ungdom var ein raud tråd gjennom heile året. Dei spelte ei viktig rolle i framtidskonferansen, UKM og fleire andre konsertar som vart ein del av jubileumsprogrammet. Ungdom fekk også vise seg frå på KORK-konsertane, under begge konsertane 19. september, på Førdefestivalen, Norsk Country Treff, Malakoff og Gloppen Musikkfest.

### Særlege satstingar

- Skrivekonkurransen «Fram i lyset». Dikt og noveller.
- «Dokument 13». Video/film
- «Amerikareisa», i samarbeid med Aldateateret
- Danseframsyninga «På egne bein», i samarbeid med Dans utan grenser.

### Gjennom Den kulturelle skulesekken

- «Amerikareisa» til alle vidaregåande skular (2. og 3.klasse»). 2583 elevar

- «Ismusikken» - eit program med Terje Isungseth 1620 elevar
- Generalprøvene for Kork, ungdomsskuleelevar busa inn 813 elevar
- «Kvinnestemmer» på musea, gratis buss, elevar skyssa inn 3085 elevar
- «Løpekongen Mensen Ernst» som skuleframsyning 1584 elevar

Til saman deltok ca. 10 000 elevar på desse jubileumsprogramma i DKS.

### **Skuleopplegg elles**

- Gratis kart ut til alle klassar i grunnskulen og vidaregåande skular.
- Eige punkt på heimesida der det var lagt ut masse fakta- og undervisningsmateriell som kunne brukast når skulane laga opplegg om fylkesjubileet.

## **12. Kva oppnådde vi?**

- Følte oss meir som eitt fylke – tilhøyre/identitet.
- Fekk vist fram historia til fylket.
- Fekk vist kva vi er gode for, ikkje minst ungdomen.
- Fekk vist fram kulturen i fylket i full breidde.
- Fekk laga fest.
- Omdømme: Nokre fleire vart merksame på fylket. Styrka eiga sjølvkjensle.
- Gode erfaringar å ta med til andre store markeringar

## **13. I "juletalet" sin til fylkestinget sa Åshild Kjelsnes dette om fylket si markering av 250-årsjubileet:**

«Vi er iferd med å legge bak oss eit aktivt jubileumsår. Visjonane for fylkesjubileet var:

- Vi ønskte å synleggjere eit Sogn og Fjordane som byggjer opp om kreativitet og nyskaping.
- Vi ville styrke kunnskapen om Sogn og Fjordane gjennom det historiske perspektivet.
- Vi ville bygge ein sterkare identitet knytt til det å vekse opp og bu i Sogn og Fjordane.
- Det var eit mål at 250-års jubileet skulle markerast i alle kommunane i fylket gjennom store og små arrangement, aktivitetar, underhalding og debattar.

Fekk vi dette til?

- Eg trur vi kan summere opp med markeringar i heile fylket. Alle aktivitetar har hatt både eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. Det kortsiktige er opplevingane der og då. Det langsiktige er forståinga av at Sogn og Fjordane er eit fylke med både store menneskelege ressursar og store naturressursar. Desse ressursane skal hegnast om og heiaast fram til felles beste for fylket og innbyggjarane.

- Vi vil ikkje kunne lukkast utan den samlande krafta som ligg i samarbeidet mellom aktørane i fylket. Særleg vil eg løfte fram det nære samarbeidet vi har hatt med fylkesmannen i samband med feiringane. Dette samarbeidet er i vårt fylke også svært godt i mange andre samanhengar. Eg meiner det er ein viktig styrke for fylket vårt. Vi er vand å samarbeide på tvers og sjå ressursar i samheng. Det har overføringsverdi for andre deler av landet.

- Ungdommen har vore ei viktig målgruppe for hovudkomiteen i fylkesjubileet. Ungdommen var med frå starten i samband med Ungt entreprenørskap si fylkesmesse, via ungdomsbedrifter og grupper på gründercamp og aktiv deltaking på framtidskonferansen i Balestrand. Det har også vore stort engasjement av ungdom i

kreative prosessar, gjennom ei rad konkurransar og produksjonar innan ulike sjangrar og ungdommar har reist som ein raud tråd med førestillingar over heile fylket.

- Likeeins har eit breitt spekter av næringar, lag og organisasjonar vore representert med aktivitetar innan jubileumsramma. Det historiske perspektivet er godt ivareteke av Høgskulen, i arbeidet med fylkessoga, historieseminar, foredrag og artiklar. Alt har bidrege til auka kunnskap om historia vår, noko som også gir eit godt utgangspunkt for debatten vidare.

- Hovudmarkeringa på Leikanger i september vart ein festdag for heile fylket. Kyrkja tok aktivt del i jubileet med egne festgustenester. I november kom heile landet sitt symfoniorkester, Kringkastingsorkesteret, til Eid og lagde ei strålande konserthelg med artistar og unge talent frå vårt eige fylke. Leiinga i KORK var oppriktig imponert. Vi fekk vist kva vi kan by på . Åtgaum på Youngstorget vart vellukka og NRK har gjort ein stor jobb, mellom anna som primus motor for KORK-satsinga.

Oppsummert meiner eg vi har lukkast med å realisere visjonen for jubileet og vi har langt på veg nådd måla våre. Eg vil takke alle dei gode kreftene som har medverka til ei så solid og vellukka markering. Dette er nok eit døme på at vi med dugnad, samarbeid og noko offentleg innsats maktar å få til store ting i fylket vårt. Slik bygger vi samhald og identitet for Sogn og Fjordane».

## 14. Dokumentasjon

Det finst fylldig dokumentasjon for program og innhald i jubileumsåret. Dette ligg først og fremst på [www.sfi250.no](http://www.sfi250.no). Sida ligg open enno og vil seinare kunne hentast fram via Fylkesarkivet. Sida har oversikt over

- bakgrunn for jubileet
- historisk stoff i eigne mapper
- arrangement: Klikk på «meir» under fana «arrangement», så kjem kalenderen fram, og der kan ein gå tilbake alle månader i 2013 og få fram omtale av alle arrangement.
- Mykje stoff og omtalar ligg under «Nytt og aktuelt», der alle artiklar i samband med jubileet er arkiverte.
- Under «Festar, konferansar og presentasjonar» ligg presentasjonar, biletsieriar og videoopptak frå jubileet, mellom anna heile KORK-konserten og jubileumskonserten i Saften 19. september.
- Program for jubileumsveka:  
[http://issuu.com/atilaa/docs/sfj\\_250\\_jubileumsprogram\\_c4f3e7e6481b92](http://issuu.com/atilaa/docs/sfj_250_jubileumsprogram_c4f3e7e6481b92)
- Avisutklipp, omtalar, plakatar i eigen fysisk perm finst hjå kulturavdelinga i fylkeskommunen i Storehagen i Førde. Denne skal seinare arkiverast på Fylkesarkivet.
- Program/deltakarar på jubileumsfesten 19. september og Kork-konsertane: Sjå vedlegg



# Takk

Hovudkomiteen rettar ei stor takk til alle som har vore med og gjort fylkesjubileet for Sogn og Fjordane til ein fest og ei flott markering av positive og kreative krefter i fylket.

## Vedlegg – Den store bursdagsfesten



# Den store bursdagsfesten

## Leikanger torsdag 19. september

- 10:00 Opning av Amtskontoret. Fylkesmannen og kommunen arrangerer. Folkemusikk av Myklemyrjentene. Amtskontoret blir oppe heile dagen, orientering og utstilling
- 12.00 Veteranbåtane kjem inn. Opne båtar heile dagen. Svanhild, Haugefisk, Nybakk.
- 12.00 «Forhøy» i bibelsoga, gammaldags konfirmasjon i kyrkja
- 13.00 Folketog/kostymetog. Hest og kjerre med Amtmann, prest og lensmann. Spelemann, musikklaget. Skulane i Leikanger, frivillige organisasjonar og alle som vil er velkomne.
- 14.00 Stort kulturprogram i Saften. Med dei beste vi vi har i Sogn og Fjordane. Markering av bursdagen. Gratis!
- 15.45 **TORGET OPNAR**  
 Utstillingar i Saften: Kvinnerøyster frå Sogn og Fjordane.  
 Biologisk mangfald.  
 Utstillingar på veteranbåtane.  
 Mat: På torget og i Herman og Fjordkroa.
- 16.00 Mensen Ernst går i mål! Terje Lyngstad i lag med idrettslaget SYRIL.

[www.sfj250.no](http://www.sfj250.no)

- 19.00 Ungdomskonsert i Saften med **TONE DAMLI**  
**Lokale grupper:** Rocktex, Røys, Furutre, Danseverkstadane i Sogn

**Billetter:** Følg med på [www.leikanger.kommune.no](http://www.leikanger.kommune.no)



### Kulturfesten

#### VARIETE:

Musikk, revy,  
 dans, sirkus, teater

Linda Gytri

Lena Skjerdal

Line Dybedal Vederhus

ASVO-bandet, Årdal

Jonas Nyløy Navarsete

DRUSAR

MGP-lokal:

Annika Beines

Sander Østby Birkeland

Alice Kucevik Hugøy

Øyamøy – Atløyrevyen

Reisa til Amerika

Dans utan grenser

Sirkus Smørdal

Folkemusikk talent:

Lyden av framtidsfylket

Jubileumsfanfaren

Liv Signe Navarsete

UWC-Flekke

300 i barne- og ungdomskor

Joachim de Knagenhjelm



## Vedlegg – KORK-konsertane

# KRINGKASTINGSORKESTERET i Sogn og Fjordane

Operahuset Nordfjord

Fredag 15. november kl 19.00

Laurdag 16. november kl 16.00

Laurdag 16. november kl 19.00



Eva Weel Skram



Kringkastingsorkesteret



Sigrid Moldestad



Olav Stedje

Thea Hjelmeland | Odd-Erik Lothe

Iselin Solheim

Good Time Charlie

...og endå fleire

**NRK** Sogn og Fjordane



BILLETTPRISAR: BARN 265 KR, VAKSNE 365 KR (+ 5 KR AVG) | KJØP BILLETT OG LES MEIR PÅ [WWW.OPERAHUSET.NO](http://WWW.OPERAHUSET.NO)



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)